

## Gruva - Gruven (gnr. 160)

Gruva: Navn frå først av på ein eldstad ute i det fri. Gruven er i bygdemålet dativform av Gruva t.d. oppi Gruven.

Det første vi finn gardsbruket Gruven i Fåberg nemnt er i Mannkjønnstalet av 1665. Namnet er der skrivi "Gruffvin", og garden er da ført i gruppa for "Ødergaarde". Vidare er det opplyst at landskylda av bruket var 1 skinn, og at brukaren i den tid heitte Engebret og var 60 år. Det er elles oppgitt at han hadde to søner: 1. Halvor, som var 20 år og "skrøbelig", 2. Johannes, 13 år, "vanvittig". Ein merker seg at her er det spørsmål om karane var brukbare som hermenn, soldatar.

Fleire opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om "Gruen" fortalt at garden ligg i sollia, er lettbrukt, og jordarten der er "maadelig", dog noget "tørlent". Husdyra på bruket var da 3 naut og 3 sauer, og den årlege utsæden av korn var kring 1 tønne bygg. Landskylda var som før nemnt 1 kalvskinn. Nytt og av stor interesse er dessutan at "Gruen", da låg til Ringsaker prestebol, og at brukaren der altså var leiglending eller bygselbonde av prestebolsgodset. Om dette handlar ein bygselseddel av 1726 som gir fleire interessante opplysningar, og som etter utskrift av panteboka er referert slik:

"Gruen.

Bøxelseddel dat. 28. febr. 1726 tgl. 15. juni s.å.

Maren Stockflet sal. Poul Riises efterleverske bøxler Ole Christensen Smedstad en Ringsaker prestebol allernaadigst beneficeret plads Gruen kaldet."

Av året etter er ein bygselseddel som etter utskrift av panteboka har denne ordlyden:

"Gruvestad.

Bøxelseddel dat. 24. april 1727 tgl. 14. juni s.å.

Fra Peter Otlon Boyesen sogneprest til Ringsaker til Christen Hansen på pladsen Gruvestad i Faaberg sogn skyldende 1 kalvskind og til Ringsaker prestebol beneficeret."

Christen Hansen fødd kring år 1700, som i 1727 vart brukar og bygselbonde i Gruven, gifta seg med Ragnhild (Daardi) Hansdtr. Bleiken, og dei fekk i sitt ekteskap 3 born. Dei var: 1. Hans, 2. Anne, 3. Marit.

Christen Gruven f. 1700 var framleis brukar der i 1750. Det er da opplyst at Amund Øfstedal gav skjøte til Christen Gruen og Ole Land på "Holen ødegaard, skyld 1 hud for 240 rd." Men i 1755 var Christen Gruven og kona hans, Ragnhild (Daardi) Hansdtr. vorte samde om å skifte med borna sine medan dei båe foreldra var i live. Ved dette skiftet, som va r på "Gruven i Faaberg" 3. april 1755, er og jordegodset "Ødegaarden Hoelen" medregistrert i arvebuet som dermed utgjorde brutto 258 rd. og netto 163 rd., men i dette er altså ikkje jordegodset Gruven, som framleis hørde Ringsaker prestebol til, ikkje medrekna. Arvingane ved skiftet er dei før nemnde borna i ekteskapet, og om dei er da opplyst at Hans var 22 år, Anne var gift med Niels Erichsen, og Marit var da 16 år.

Same året, altså i 1755, fekk elles sonen Hans Christensen bygselseddel på "gårdepladsen Gruen", og denne bygselseddelen er etter utskrift sålydende:

"Gruen.

Bøxelseddel dat. 15. mars 1755 tgl. 18. juni s.å.

Hvorved Christopher Ancher prost over Hedemarken og Østerdalen og sogneprest for Ringsaker menighet bøxler til ungarl Hans Christensen gårdepladsen Gruen i Fåberg sogn

beliggende skyldende til Ringsaker prestebord 1 skind med bøxel og herlighet, hvilken plads hans far har opladt, imot at han svarer de derav påkommende årl. skatter og utgifter, i rett tid yder den tilbørl. landskyld og i alle måter forholder sig som en leilending, og i bøkelpenge har han betalt 24 s.”

Hans Christensen f. 1733 som dermed tok over som bygslar og brukar av prestebolsgodset Gruven, gifta seg i 1759 med Sessel Rasmusdr. Besserud, og dei fekk 6 born. Det var: 1. Ragnhild f. 1760, gift 1781 med Christopher Syversen Skog. 2. Rasmus f. 1761, 3. Marit f. 1763, gift 1792 med Ole Larsen Skalmstad, 4. Beret, f. 1748, 5. Anne f. 1777. 6. Kari f. 1780. Om foreldra Hans og Sessel Gruven merker ein seg elles at dei baa døde i 1814 med 3 vekers mellomrom.

I 1789 var det skoleholder Lars Jensen Buvolden f. 1753 som hadde tatt over og budde på ”Gruven i Faaberg”. Han var og eigar av ”engelandet Hoelen, skyld 6 skind samt nedre sæterløkke på sæteren Kinden”, som han stelte i pant da han same året lånte 180 rd. av Christopher Syversen.

Skoleholder Lars Jensen Gruven hadde i 1782 gifta sg med Berte Olsdr. Gustum, og dei fekk i sitt ekteskap 6 born. Det var: a. Kjersti f. 1782, b. Marte f. 1785, c. Kari f. 1787, d. Jens f. 1790, e. Marit f. 1793 gift 1818 med Andreas Jonsen Holen, f. Ole f. 1795, gift 1825 med Berte Olsdr. v/S. Jørstad.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 2 familiar på garden Gruven. Dei var:

1. familie: 1. Lars jensen, ”Skoleholder og Gaardbeoer”, 48 år, 2. Berthe Olsdr., kona hans, 42 år, 3. Kirsten Larsdr., dotter deira, 19 år, 4. Kari, dotter deira, 14 år, 5. Jens, son deira 11 år, 6. Marit, dotter, 8 år, 7. Ole Larsen, son deira, 2 år.
2. familie: 1. Hans Christensen, føderådsmann, 68 år, 2. Sessel Rasmusdr., kona hans, 3. Kari Hansdr., dotter deira, 21 år.

Skoleholderen Lars Jensen Gruven brukte så sjølv garden til i 1814, da han skjøta Gruven over til eldste sonen sin, Jens Larsen f. 1790. – Jens Larsen, som dermed tok over som bygslar og brukar av Gruven, gifta seg i 1817 med Anne Hansdr. Blegen f. 1795, og dei fekk i sitt ekteskap 8 born: Dei var: a. Lars, f. 1818, b. Hans s. Grønlien f. 1820, gift 1857 med Marte Amundsdr., Ellingsberg, c. Berte f. 1822 gift 1848 med Ole Amundsen v/Snakhol, Hauklien, d. Iver Stræte f. 1825, gift til Toppen i Follebu, e. Ingeborg f. 1827, gift 1856 med Johan Olsen Stræte, f. Johannes f. 1830, død ugift i 1864, g. Andreas f. 1833, død 1838, h. Kristian f. 1836, død same året.

11. april 1815 var det avsluttande skifte etter dei gamle husbondsfolka Sessel og Hans Gruven, som var døde med 3 vekers mellomrom. Ved dette skifte som vart halde på ”Gruen i Faaberg”, vart arvebuet oppgjort i riksbankdalar og utgjorde brutto 338 rbd. og netto 255 rbd. Det er dessutan opplyst at eldste dottera, Ragnhild Hansdr. da var oppattgift med Haagen Halvorsen Lunde, og at dottera Kari Hansdr. var gift med Jon Hansen sadelmaker. Dottera Beret Hansdr., som hadde vore gift med Ole Andersen v/Korsrud, var derimot død, og det er opplyst at dei hadde 5 born i alderen frå 20 til 6 år. Dei 5 borna var: 1. Rangdi, 20 år, 2. Hans, 15 år, 3. Sidsel, 3 år, 4. Anne, 7 år, 5. Anders. 6 år.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om garden ”Gruen” oppgitt at buskapen av store husdyr på garden da var 1 hest og 8 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde i vanlege gode år kring 24 tønner.

År 1836 var det atter avsluttande arveskifte på ”Gruen i Faaberg”, og denne gong etter husfrua Berte Olsdr., kona etter skoleholderen Lars Jensen. Ved dette skiftet var det inkje jordegods medregistrert i skiftebuet som utgjorde brutto 69 rd. og netto 58 rd. Om borna til avdøde er det elles opplyst at sonen Jens Larsen da var 46 år, og at sonen Ole Larsen var død, men han etterlet seg 3 søner: 1. Lars, 7 år, 2. Ole, 5 år, 3. Kristian 2 ½ år.

Ved matrikuleringa i 1838 vart den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut i ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Gruen fekk da som si nye matrikkelskyld: 1 skylddalar 4 ort 23 skilling, og det var i den tid framleis Jens Larsen som var brukar og bygslar på garden.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om "Gruen og Nordødegaarden", som er oppført isaman, oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 92 mål, og av dette var 34 mål jord av 1. klasse. Samtidig er vidare oppgitt at buskapen i "Gruen m.m." var 1 hest, 10 storfe og 9 småfe, og den årlege utsæd utgjorde ca. 4 ½ tønne korn og 2 tønner settepoteter.

Lars Jensen f. 1818, som i denne tid var brukar og bygslar av "Gruen m.m.", hadde i 1848 gifta seg med Ingeborg Halvorsdtr. Alfsberg, og dei vart i sitt ekteskap foreldre også til 6 born. Dei var: 1. Jens f. 1850, 2. Hans f. 1853, 3. Andreas f. 1856, død 1857, 4. Edvard f. 1858, død 1859, 5. Anne f. 1860 gift 1889 med Erik Andreassen Smedsrud, 6. Elise f. 1864, død 1864. Ein merker seg atter korleis barnesjukdomane kunne herje i den tid.

Året 1870 vart eit merkeår for ætten på garden Gruven. Brukaren Lars Jensen, som framleis var bygslar av prestebolsgodset, fekk da endeleg kongelegt skjøte på denne eigendomen for kjøpesum 500 spd. og den på garden kvilande jordavgift for 58 spd. 75 skl. Skjøtet er datert 27. sept. Og tinglese 7. nov. 1870. Så å seia samtidig lånte så Lars Jensen med H. Blegen som kausjonist den sum av 400 spd. i Oplysningsvæsenets Fond. Samtidig gav og Lars Jensen, da både eigar og brukar av garden, føderådskontrakt av grd. Gruven og Holenødegaarden til mor si, Anne Hansdtr. Gruven f. Blegen.

År 1886 km den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mars. I denne matrikkelen er gardnamnet endeleg atter skrive Gruven, og den nye matrikkelskylda av garden vart sett til 2,32 mark. Eigar og brukar av Gruven var enda framleis Lars Jensen f. 1818.

Men fire år seinare gav så i 1890 faren Lars Jensen skjøte til eldste sonen sin, Jens Larsen f. 1850, på grd. Gruven grn. 160 og dessutan "Holen ødegaard lno 119 og Nordødegaarden lno 120 for kjøpesum tilsm. kr. 3000,- og eit føderåd av 5-årleg verdi kr. 1500,-. Skjøtet er dat. 22. novb. og tingl. 1. desb. 1890.

Jens Larsen f. 1850, som dermed tok over som husbond på grd. Gruven, hadde i 1886 gifta seg med Lisa Larsdtr. Kjetlien, og dei fekk i sitt ekteskap 3 søner: 1. Lars f. 1888, 2. Laurits f. 1892, 3. Kristian f. 1897.

Ved kommunevalet i 1907 budde det 3 personar med røysterett på garden Gruven. Dei var: 1. gardbr. Jens L. Gruven, 57 år, 2. husmor Lisa L. Gruven, 48 år, 3. føderådsmann Lars Gruven, 90 år.

Av handlar i seinare tid med grd. Gruven eller parsellar av garden tek vi elles med at i 1920 tok så sonen Lars Gruven f. 1888 over garden etter foreldra Jens Gruven og Lisa f. Kjetlien. Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det framleis berre eitt gardsbruk under gardsnr. 160. Det var: Grn. 160 brn. 1 Gruven med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på ca. 58 mål (dekar), som Lars Gruven f. 1888 framleis var eigar og brukar av.